

Mars 2008

Ordføreren sitt hjørne.

Påska er over.

Det var mykje folk i Hemsedal og alt gjekk roleg for seg. Været var noko lunefullt, men det var ei fin påske for den som likar seg på ski. Det er gode tilbakemeldingar på både skibakkar og skiløyper, så dei fleste reiste nok heim med fin brunfarge og smil om munnen - får me tru.

Reduksjon i budsjettet

Det er aldri lett å redusere eit budsjett, men det er nødvendig for å tilpasse utgiftene til inntektene. Økonomiutvalet legg no fram ei tilråding til kommunestyret om innsparingar på 3,5 millionar. Dette byggjer på eit krav frå rådmannen til at alle etatar skulle koma med eit framlegg på å kutte 4% i sine rammer. Det har vore ein god administrativ prosess på dette, der ein har funne løysingar der det er vakanse i stillingar og liknande.

Økonomiutvalet har hatt desse framlegga som utgangspunkt for framlegget vårt, men det er ikkje alle plassar me fann det forsvarleg å kutte 4%. -- Det er ingen tilsette som blir sagt opp, men reduksjonane i t.d. skulesektoren fører til litt mindre vaksne pr.elev. Slike ting vil me fylgje med på.

Norsk Trafikkplan 2010- 2019 på høyring

Norsk Trafikkplan (NTP) for perioden 2010 – 2019 er ute på høyring. Dette er eit dokument som mange har meiningar om. Det føreligg no eit administrativt framlegg frå trafikketatane. Det gledelege i framlegget er at det er auke i vedlikehaldet med 30%, men det fører samstundes til nyanlegg blir nedprioritert. Dette kan me ikkje akseptere. Kommunane i Hallingdal har i sitt framlegg til uttale krevd at ramma må aukast med 50% for heile perioden, og at prosjektet Sokna- Ørgenvika må realiserast i fyrste del av planperioden. Mykje tyder på at dette også blir Buskerud fylkeskommune si prioritering, då dei fleste partia i fylket har dette prosjektet som fyrste prioritet.

Aukande trafikk langs Rv 52

For Hemsedal er det elles peika på trafikktryggleik langs R52, og gangvegar må det arbeidast vidare med. Vegen går gjennom 3 sentrum med dei utfordringar det har. Trafikktellingane på Bjøberg syner at trafikken over Hemsedalsfjellet er aukande. Årsdøgntrafikken er no på 950 bilar, og det er 30% tunge køyretøy (lastebilar) i denne statistikken. Det er omtrent 300 lastebilar gjennom bygda dagleg. Dette merkar me som bur her, me får tru at me greier å få auka rammer for å få betra tryggleik og vegstandarden. God veg er viktig for Hemsedal, som for landet elles.

Hallingdal står også samla for å få gjennomført Ringeriksbanen. Det vil gje ei reisetid Oslo – Gol på under 2 timar, samstundes som det vil redusere vegtrafikken. Det vil vera positivt både for dei reisande og for miljøet.

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører